

Anette Bergsvik
Tertnesveien 121
5114 TERTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/598 - 23/9815

Saksbehandlar:
Christopher Marius Straumøy
christopher.marius.straumoy@austrheim.kom
mune.no

Dato:
07.11.2023

Pålegg om stans av oppføring av forlening av mur/gjerde og tilbakeføring - gbnr. 157/81 - Bergsvik

Administrativt vedtak. Saknr:

Vi syner til e-post sendt 30.10.2023 og telefonsamtale påfølgande dag.

Vedtak

Pålegg om retting og pålegg om stans.

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 vert det gjeve pålegg om stans av videreføring av mur og retting på gbnr 157/81.
2. Frist for tilbakeføring setjast til 28.11.2023.
3. Ved fristoversitting vil det følga tvangsmulkt på 500 KR pr dag.

Saksutgreiing:

Gards og bruksnummer 157/81 fekk dispensasjon til mellom anna oppføring av mur med gjerde på som omsøkt av formannskapet den 24.03.2022.

Nabo på gbnr 157/60 har klaga inn at det no er ei forlening av muren under oppføring.

Kommunen sendte denne epost til Espen Pedersen 30.10.2023:



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Hei, Espen.

Kommunen er orientert om at du er i prosessen med å forlenge muren din i grensa mellom deg og gbnr 157/60.

Du har fått dispensasjon til oppføring av muren i formannskapets vedtak.

Dispensasjonen ga deg løye til mur i tråd med innsendt søknad. Du kan ikke velje å forlenga denne muren slik det ser ut som du gjer no. Dette er i strid med løye som er godkjent. Du får ikke nokon utvida dispensasjon i denne saka.

Kommunen ber om tilbakemelding snarast på at utvidelsen av muren blir stoppa og fjerna. Viss ikke kjem kommunen til å fatta vedtak om pålegg om riving forlenging av muren.

Eg legg ved utsnitt frå formannskapets dispensasjonsvedtak:

Formannskapet - 035/22 - 24.03.2022

FS - behandling:

Sakshandsamar Christopher Straumøy gjorde greie for saka.

Handsaming i formannskapet:

Samråystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS vedtak:

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt godkjenning av bustad, garasje m/terrasse og dispensasjon til forstørtningsmur i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2, 27-4 og § 19-2, jf. § 29-4 og naturmangfaldslslova §§ 8-12:

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saka vert sendt Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

I telefonsamtale den påfølgande dag stadfesta Pedersen at epost vart motteke og uttala at han skulle ordna tilbakeføring ila helga som kom.

Dette er ikke gjort. Nabo teke opp bekymring for tiltaket som gjer at tilkomsten vil gjere det smalare med tilkomst ut mot kanten på hans eigedom og førar til auka risiko ved tilkomst med bil for gbnr 157/60, sjå bilet nedst i dokumentet.

Pålegg om retting

Kommunen er pliktig å forfølgje tilhøve i strid med plan- og bygningslova, jfr. plan- og bygningslova § 32-1. Kommunen vil å gje pålegg om retting av arbeid i medhald av plan- og bygningslova § 32-3.

Plan- og bygningslova § 32-3 lyder slik:

"Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeid. Ved utferdigelsen av pålegg skal det settes frist for oppfyllelse. Samtidig med utferdigelsen av pålegg kan det fastsettes tvangsmulkt. Ved utferdigelse av pålegg gis opplysning om at pålegget vil kunne følges opp med forelegg som kan få

virkning som rettskraftig dom. Endelig pålegg kan tinglyses som en heftelse på den aktuelle eiendom.”

Det er heilt klart for kommunen at det ikke føreligg gyldig løyve til forlening av muren. Oppføring av eksisterende mur vart gjeve etterfølgjande dispensasjon grunna storleiken på muren. Det er då heilt opplagt at ei forlengelse av muren ikkje kan finne sted utan ny søknad om dispensasjon. Kommunen finn ikkje grunn til å oppfordra parten til å söka dispensasjon av forlenging av muren.

Det må og vere heilt klart at det ikkje er naudsamt med førehandsvarsel av pålegg etter pbl. § 32-3 i saka, jf. pbl. § 32-2, jf. forvaltningslova § 16. Grunngjevinga er at muren har fått dispensasjon etter pbl. § 19-2 etter ei lang prosess med sakshandsaming gjennom fleire runder med klage og endeleg avgjerd hjå statsforvalteren. Parten kjenner saka meget godt og veit kor grensa for muren er. Dette er særskilt grunngjeve med at muren vart oppført før det vart sendt inn søknad til kommunen.

Med bakgrunn i overståande vert det gjort vedtak om pålegg om stans og retting i byggearbeida. Vedtaket er gjort utan førehandsvarsel då ein meiner at det er klart at tiltaket no er i strid med reguleringsplan og dispensasjonsløyve gitt i saka.

Tvangsmulkt

Saman med vedtak om pålegg om retting, har kommunen høve til å fastsetje tvangsmulkt etter plan- og bygningslova § 32-5. Dette kan gjerast utan vidare varsel. Plan- og bygningslova § 32-5 lyder slik:

”Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene fastsette tvangsmulkt for å få gjennomført gitte pålegg innen en særskilt angitt frist. Tvangsmulkten fastsettes samtidig med pålegg om retting og løper fra fristoverskridelsen for retting. Der tvangsmulkt ikke fastsettes samtidig med pålegg, skal det gis eget forhåndsvarsel om tvangsmulkt. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forhold varer, som et engangsbeløp eller som en kombinasjon av løpende mulkt og engangsbeløp. Tvangsmulkten ileses den ansvarlige for overtredelsen, og tilfaller kommunen. Når det ulovlige forhold er rettet, kan kommunen nedsette eller frafalle iles tvangsmulkt.”

Kommunen vurderer tvangsmulkt til å vere eit effektivt verkemiddel for å få pålegg oppfylt. Ein rimeleg sum vil ligga på 500 KR pr dag.

Kommunen understreker at det skal dokumenterast til kommunen når pålegget er fulgt opp. Dette kan gjerast gjennom skriftleg tilbakemelding til:

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943 Austrheim

post@austrheim.kommune.no





Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at

klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Kopi til:

Ruben Johnsen

Mottakere:

Anette Bergsvik Tertnesveien 121 5114 TERTNES

Espen Pedersen Tertnesveien 121 5114 TERTNES